



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7832 - 16/10916

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.04.2016

Trong for tilleggskontroll ved søknad om ferdigattest - gbnr 137/746 Alver.

Kommunen viser til søknad om ferdigattest mottatt 05.04.2016.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande:

1. Ferdigmelding for utført rørleggararbeid.
2. Dokumentasjon som viser etablerte terrengmurar, dvs lengde- og tverrprofil, slik at kommunen kan vurdere om tiltaket krev søknad og løyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt kommunen innan 13.05.2016. Dersom informasjonen ikkje er mottatt innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing



Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Monika Nævdal og Klaus Wergeland Sævråsvegen 399 5957

MYKING

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ